

Etiske retningslinjer for Bjørnafjorden kommune

Til grunn for dei etiske retningslinjene for Bjørnafjorden kommune ligg verdiane som er med på å tydeleggjera rolla medarbeidarar og folkevalde har overfor samfunnet og brukarar av kommunale tenester.

Bjørnafjorden kommune sine verdier er:

- Vi lyttar med respekt
- Vi finn smarte løysingar
- Vi gjer det vi seier
- Vi er inkluderande

Målgruppe for dei etiske retningslinjene er *alle som har sitt virke i Bjørnafjorden kommune*, som tilsette, folkevalde eller vikarar og tilsette i engasjement i Bjørnafjorden kommune.

1. Formål

Dei etiske retningslinjene har til formål å sikra at all verksemd i Bjørnafjorden kommune er kjenneteikna av ein høg etisk standard. Dei etiske retningslinjene skal leggja til rette for gode etiske refleksjonar omkring rett og urett.

2. Prinsipp

Ein grunnleggjande føresetnad for samhandlinga vår med innbyggjarane er tillit til kommunen og dei avgjerdene som vi tek. Alle skal av den grunn utføra oppgåvene sine og opptre på ein rettskaffen, korrekt, ansvarsfull og respektfull måte som tek vare på tilsette og omdømet til kommunen, og som sikrar tillit hos innbyggjarane. I alle våre handlingar skal vi leggja til grunn visjon, misjon og verdier for Bjørnafjorden kommune.

3. Lover og reglar

Tilsette og folkevalde i Bjørnafjorden kommune forvaltar fellesskapet sine ressursar, og pliktar derfor å arbeida for det beste for fellesskapet. Vi skal opptre i tråd med lover, reglar, interne retningslinjer og avtalar, kommunen sitt verdigrunnlag og politiske vedtak.

4. Ytringsfridom

Tilsette har, som alle andre, ein grunnleggjande rett til å delta i den offentlege debatten, òg om det som skjer i Bjørnafjorden kommune.

Den tilsette bør vera bevisst på og reflektere over forhold som kan vere knytt til teieplikta og på rolla ein har som tilsett. Ein bør forsøka å ta opp ting internt før ein går ut med offentleg kritikk eller informasjon om interne tilhøve.

5. Habilitet og interessekonflikt

Tilsette og folkevalde i Bjørnafjorden kommune som tek avgjerder eller som legg til rette for avgjerder, er bundne av reglane i lovverket om habilitet. Tilsette og folkevalde skal på eige initiativ varsle leiaren sin om inhabilitet for å kunna verta fritekne frå vidare handsaming av saka. Om ein er i tvil om habiliteten, skal den tilsette/folkevalde drøfta spørsmålet med leiaren sin. I Bjørnafjorden kommune er det legitimt å stille spørsmål også om andre sin habilitet.

Ein må sjølv sørja for å ikkje komma i dobbeltrollar som ikkje lar seg kombinera med kommunen si verksemd eller som ein kan gjera seg nytte av til privat vinning.

Sjølv om det i ei konkret sak strengt juridisk sett ikkje ligg føre inhabilitet, kan det likevel vera aktuelt å erklæra seg inhabil dersom omgivnadane kan oppfatta at det ligg føre ein interessekonflikt.

6. Informasjonssikkerheit

Tilsette og folkevalde skal ha eit bevisst forhold til informasjon vi får og behandlar i kraft av vår rolle i Bjørnafjorden kommune.

Det inneber blant anna at vi har eit særleg ansvar for at fortruleg informasjon, medrekna personopplysingar, ikkje kjem uvedkomande i hende.

Vi har eit ansvar for å sørje for at vi verken nyttar informasjon til personleg vinning, eller vidareformidlar informasjon vi får, i kraft av vår stilling eller rolle i Bjørnafjorden kommune.

7. Møte med innbyggerane

Tilsette og folkevalde i Bjørnafjorden kommune skal møta innbyggerar og brukarar med respekt. Møta skal vera prega av fagleg kunnskap og godt skjøn. Det må ikkje skje at våre private og brukaren sine interesser, eller økonomiske midlar, blir blanda saman.

Tilsette og folkevalde i Bjørnafjorden kommune skal ikkje gje lovnader som kan påverka utøvinga av tenesta i strid med kommunen sine interesser, eller lovnader ein ikkje kan halda eller som strir mot lover, tariffar m.m.

Tilsette og folkevalde kan ikkje enkeltvis gi lovnadar eller på annan måte forplikte kommunen på måtar som sår tvil om måten saka er behandla på, eller kan komme i konflikt med myndigheitsnivå, stilling, eller overordna praksis.

8. Forbod mot gåver og andre ytingar

Innbyggerane skal ha tillit til at vi opptrer på vegner av fellesskapet og ikkje egne interesser. Korrupsjon og økonomisk misleghald undergrev det offentlege sin moglegheit til å utføra dei oppgåvene vi er pålagde og svekker både omdømmet og økonomien til kommunen.

Tilsette og folkevalde i Bjørnafjorden kommune må ikkje sjølve, eller på vegner av andre, ta imot gåver, provisjonar, tenester eller andre ytingar som er eigna til, eller av gjevaren meint, å påverka dei tenestlege handlingane. Dette omfattar også alle typar rabattar og gunstige kjøpsvilkår, til dømes knytte til reise og opphald. Sjølv om gåva ikkje er eigna til å påverka tenesteytinga, skal alle gåver som ikkje er av ubetydeleg verdi, avvisast.

Ein må vere merksam på dette i samband med anskaffingsprosessar og kontraktsinngåingar, men også i andre situasjonar der det kan oppstå koplingar mellom økonomiske interesser og avgjerder.

[For fleire detaljar, sjå innkjøpsreglementet](#)

[Lenke til Straffeloven kapittel 30](#)

9. Forretningsetiske reglar

Tilsette har plikt til å setja seg grundig inn i, og etterleva, lov og forskrift om offentlege anskaffingar, og kommunen sine retningslinjer på området. Alle innkjøp skal vera føreseielege, gjennomsiktige, kunna etterprøvast og vera basert på likebehandling og god forretningsskikk. (Sjå innkjøpsstrategi og innkjøpsreglement)

Tilsette i Bjørnafjorden kommune kan ikkje levera varer og tenester til den delen av kommunen der dei er tilsette.

Tilsette og folkevalde i Bjørnafjorden kommune skal ikkje privat gjera bruk av kommunen sine innkjøps- eller rabattavtalar.

Vidare skal ein ikkje kjøpa noko privat frå kommunen sine leverandørar dersom det kan medføre tvil om samanblanding av offentlege og private *roller*.

For fleire detaljar, sjå innkjøpsreglementet

10. Openheit

Bjørnafjorden kommune skal vere ein open og gjennomsiktig kommune, og all saksbehandling skal vere i tråd med retningslinjer og lovverk. Innbyggjarane i kommunen skal enkelt kunne bli kjende med avgjerdsprosessar, forvaltningspraksis, tenesteyting og kvalitet.

Vi skal gi innsyn i den kommunale forvaltninga, så langt dette ikkje er hindra av teieplikt. Bjørnafjorden kommune skal alltid gi korrekt og tilstrekkeleg informasjon til innbyggjarar, organisasjonar, selskap og andre styresmakter.

Når det er høve til å gjere unntak frå innsyn, skal Bjørnafjorden kommune likevel vurdere å gi heilt eller delvis innsyn. Kommunen bør gi innsyn dersom omsynet til offentleg innsyn veg tyngre enn behovet for unntak. (§ 11 i offentleglova)

11. Varsling

Tilsette har rett til å seia frå om kritikkverdige tilhøve utan at dette skal få negative konsekvensar (sjå AML §2A-1). Varsling skal skje på forsvarleg vis, og skal normalt takast opp i linja på førehand. Arbeidsgjevar pliktar å leggja tilhøva til rette for varsling gjennom god informasjon og system kring dette.

Sjå AML §2A-1

12. Digitale kanalar og kommunikasjonsverktøy

Digitale kanalar, kommunikasjonsverktøy og plattformer kan vere ein styrke for demokratiet og gode verktøy til å dela informasjon. Samtidig stiller det store krav til at vi som verksemd brukar desse kanalane og verktøyet på ein tenleg måte.

Tilsette og folkevalde skal vera medvitne på rolla si om ein vel å uttala seg i sosiale medium (til dømes Facebook, Twitter, bloggar og ulike nettdrøftingar) om tilhøve som gjeld kommunen.

Digitale kommunikasjonsverktøy må brukast med nødvendig aktsemd og medvit. Den enkelte må sikra at teiepliktig informasjon om Bjørnafjorden kommune ikkje blir eksponert på nettet eller at uvedkomande på annan måte får tilgang til opplysningar som ikkje er berekna på dei.

Personsensitive og konfidensielle opplysningar må behandlast med ekstra aktsemd, og *må* ikkje bli kommunisert på ein måte som gjer dei tilgjengeleg for uvedkomande. Spesielt ved etablering av nye plattformer og nye kommunikasjonsløysingar *må ein ha ei bevisst haldning både til kva slags informasjon ein samlar inn, korleis ein oppbevarer den og korleis og til kven ein kommuniserer ut informasjonen.*

Kommunen sitt datanettverk og maskiner skal ikkje nyttast til nedlasting eller besøk på sider som har pornografisk innhald, pengespelsider, opphavsbeskytta material og liknande. Den enkelte skal opptre etisk reflektert og varsamt ved bruk av digital kommunikasjon.

13. Bruk av kommunen sin eigedom

Tilsette i Bjørnafjorden kommune skal opptre forsvarleg og fornuftig når det gjeld bruken av kommunen sin eigedom. Tilsette skal ikkje nytta kommunal eigedom eller utstyr til verksemd som ikkje har direkte tilknytning til kommunen sin faglege verksemd eller administrasjon.

Sjå relevante retningslinjer, som prosedyre for forsvarleg bruk av IT-utstyr

14. Diskriminering og mangfald

Bjørnafjorden kommune er ein inkluderande kommune.

I Bjørnafjorden kommune viser vi respekt for ulikskap og det enkelte individ. Diskriminering er forskjellsbehandling, og Bjørnafjorden kommune diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder eller kombinasjonar av desse grunnlaga blir ikkje akseptert i Bjørnafjorden kommune.

[Lenke til lova](#)

15. Etisk refleksjon og bevisstgjerung

For å sikra etterleving av kommunen sine verdiar og dei etiske retningslinjene skal leiarane jamleg legge til rette for etiske refleksjonar med utgangspunkt i verdigrunnlaget, etiske retningslinjer og dilemma frå eininga.

Gjennom etisk refleksjon skal ein bli bevisst på utfordringar, risikoområde og gråsoner knytt til oppgåver og praksis i eininga.

Ved behov skal ein etablere tiltak som er egna til å redusere risiko for uetisk åtferd.

16. Konsekvensar

Brot på dei etiske retningslinjene i Bjørnafjorden kommune vil kunna få konsekvensar for vedkomande sitt tilsettingstilhøve eller engasjement i kommunen. Gradering av konsekvensar vil avgjerast av kommunen si øvste leiargruppe.

[Lenke til Straffeloven kapittel 30, Forvaltningslov](#)

KORTVERSJON:

Etiske retningslinjer – Bjørnafjorden kommune

Grunnleggande for vår åtferd i Bjørnafjorden kommune er at innbyggerane har tillit til kommunen og dei avgjerder vi tek.

Som tilsett eller folkevald i Bjørnafjorden kommune

- forvaltar eg fellesskapet sine ressursar i tråd med lover, reglar, kommunen sitt verdigrunnlag og politiske vedtak
- har eg yringsfridom, men er medviten på mi rolle og kva eg seier kor
- skal eg på eige initiativ varsle nærmaste leiar om eg er, eller lurar på om eg er, inhabil
- har eg eit ansvar for at fortruleg informasjon ikkje kjem uvedkomande i hende eller blir nytta til personleg vinning
- møter eg innbyggerane med respekt, fagleg kunnskap og godt skjøn
- tek eg ikkje sjølv, eller på vegner av andre, imot noko som er eigna til, eller av gjevaren er meint, å påverka dei tenestelege handlingane
- er eg open i mi sakshandsaming og dialog med innbyggerane
- nyttar eg ikkje kommunen sine eigedeler, innkjøps- eller rabattavtaler til eige bruk
- aksepterer eg ikkje diskriminering
- nyttar eg etisk refleksjon for å minne meg på kva som er greitt og ikkje greitt